

linga i Innvik framover. Livet i den gamle ullvarefabrikken og når den nye kom under tak.

Mange av personane vi ser på filmen er borte, men dei har fått namna med. Det gjer filmen endå meir verdfull.

Viktig for framtida

Dei som vil sjå filmen må møte opp for å sjå. Den vil ikkje bli lagt ut for sal.

– Dersom filmen blir kommersialisert og selt som DVD så misser den mykje av verdien. Dei som leverer film til meg skal kjenne seg trygge på at det

dei gjev frå seg ikkje blir spreidd som kopiar for alle vinnar. Eg har skrifteleg avtale med alle som har ytt eit bidrag til denne filmen, fortel Hilde og legg til at halve billettinntekta går til Heimlund. På den måten kjem det heile bygda til gode.

Når filmen har fått tittelen Innvikfilm 1, er det eit klart signal om at vi kan vente fleire.

– Eg veit at det finst meir film i Innvik, og draumen er at vi kan få inn matriale til å lage fleire slike filmar kring i bygde- ne i Stryn kommune, seier Hilde som på denne måten også byg-

gjer opp eit historisk arkiv i kommunen. Han vonar at folk kjem med det dei har. Han har stor safe og ikkje minst stor interesse for det historiske stoffet.

Steinar Hilde arbeider under mottoet "Ta vare på fortida for framtida!", og filmen som har premiere på 17. mai, viser at han lever opp til dette. Filmene har han digitalisert frå 8 og 16 mm film, og litt kassettkopiar der originalane manglar.

– Det ergrar meg når originalane manglar. Vi får ikkje same kvaliteten ut av kassetane, seier han. Det er rett, men historia

ligg der, og det er det aller viktigaste.

Mykje Langvin

Den levande delen av filmen startar med Langvin i 1952. Det var i fargefilmen sin barndom. Rektor Olav Karstad var ivrig fotograf, og let etter seg ein kulturskatt som Fjordingen fekk hand om i samband med utgjeving av medlemsbladet til Norges Fjordhestlag.

Magne Dragesæt fanga inn den tragiske brannen der driftsbygningen på Langvin brann ned til grunnen, og han har også


nokre fine skildringar av dagleglivet i Innvik på 70-talet.

Filmene er ei unik lokalhistorisk vandring som vil interessere langt utanom Innvik sine grenser. Mange av personane i den delen som er knytta til den gamle ullvarefabrikken, er personar som kom flyttande til bygda fordi der låg ein stor og viktig arbeidsplass.

– Dette er berre starten, seier Hilde som sjølvsagt er spent på mottakinga frå bygdefolket. Vår vurdering er at han har ingen ting å frykte. Dette er ei kulturvandring av dei sjeldne.



Steinar Hilde vil ta vare på fortida for framtida.



Olav Bennæs har sjølvsagt ei rolle i filmen både på kaia og med trekkspilet i hagen.